

Tilsette ein erfaringskonsulent?

Ein erfaringskonsulent er ein person som jobbar i tenestene på bakgrunn av eigenerfaring. Mange stadar jobbar erfaringskonsulentar i helseføretak, i kommunar, bydelar, i organisasjonar, institusjonar og som uavhengige erfaringsformidlarar. Rolla som erfaringskonsulent er relativt ny i Norge, men det har i lang tid vore personar med eigenerfaring som har vore ei støtte for andre som har utfordringar med rus, psykiske helse eller andre sjukdommar. Kravet til brukarmedverknad i velferdstenestene vert meir og meir satt i fokus, og det å ha erfaringskonsulentar tilsett, gjer at dette perspektivet i større grad vert satt på dagsorden. Ein erfaringskonsulentar jobbar ofte med å følge opp brukarar eller jobbar som rådgjevarar på ulike nivå i offentleg sektor med tenesteutvikling/ formidling av informasjon til brukargrupper.

Ynskjer din arbeidsplass å tilsette ein erfaringskonsulent kan vi no skilte med eit eige forum som består av ALLE erfaringskonsulentane i tidlegare Sogn og Fjordane. Her kan ein spørje om det meste som er relevant å tenkje på når det gjeld erfaringskonsulentar. Dette forumet har stor variasjon kva angår kjønn, alder, arbeidsplass, type erfaring og korleis dei jobbar. Kunnskapen dei sit med om å være erfaringskonsulent i vårt distrikt, kan være til stor nytte og særskilt viktig for dei som jobbar med å tilsette likemenn. Forumet er tilgjengeleg på telefon og e-post, men kan også komme til DIN kommune for å belyse både fordelar og bakdelar med å jobbe som erfaringskonsulent.

Ta kontakt for ein samtale og drøfting om kva løysing som høver best for din arbeidsplass. All kontakt skjer via rusettervernet.no og det er vi som fungerar som bindeledd/kontaktpunkt. Det er ikkje intensjon å tene pengar på dette og arbeidet er frivillig, men medlemmane i forumet lyt få dekka tapt arbeidsforteneste og utgifter ved reise.

Ta kontakt på 948 34 493 eller post@rusettervernet.no

- www.rusettervernet.no -

